



Regjeringa sitt framlegg om å kutta tilskot til private barnehagar er i budsjettforliket lagt bort.

**Eit budsjettforlik på Stortinget sikrar vidare drift av Dønhaug Gardsbarnehage. Eit framlegg om å kutta kapitaltilskotet og pensjonsoverføringa til private barnehagar er ikkje aktuelt å gå vidare med. Gadsbarnehagen på Dønhaug har 19 born og 6 tilsette. Barnehagen, som opna i 2007, er svært populær og har ved fleire høve skåra høgt på foreldreundersøkingar.**

Barnehagestyrar Helene Huse Bjørebøle fortel i samtale med Kvinnheringen at det er vanskeleg nok alt i dag å drifta ein privat barnehage med overskot. Drifta går i null. Eit evt. overskot går til naudsynt vedlikehald. Den største utgiftsposten er løn. Det er ikkje snakk om å redusera kravet til kvalitet. Nyare forskning syner at kvalitet heng nøye saman med bemanning.

Bakgrunnen for framlegget om kutt i tilskotet heng saman med at store barnehagekonsern til tider tek ut store utbytte. Slik er det ikkje i mindre private barnehagar. Dersom det hadde vore fleirtal på Stortinget for reduserte tilskot, hadde det råka Dønhaug Gardsbarnehage frå 2022.

No er kuttforslaget forkasta og ein kan, inntil evt. nye framlegg kjem på bordet, sjå lysare på framtida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal